

David står alene mot

MAGNE SKODVIN

Den store europeiske krigen står stille i vest, og rasar i Finland. Alt før det sovjet-russiske overfallet den 30. november hadde diplomatar og strategar vendt blikket mot nord. Men først i dei aller siste dagane har vi nærmra oss eit punkt der dei to krigane er i ferd med å flyta saman. For det utenkte, det nesten utenkelege, har skjedd. Finland står imot, og har ikkje falle til føte. Novemberoverfallet kan bli ein vinterkrig.

DEN veldig sympatibølgje som nå rullar jorda rundt, munnar ut i eit krav om aktiv militær hjelpe, ikkje berre gode ord. Denne David må ikkje stå alene mot denne Goliat. Frå Tyskland er lite å venta. I 1917 hadde Finland tysk støtte til frigjøringskampen. Nå, 22 år seinare, har Hitler utlevert Finland til Stalin, ved det hemmelege tillegget til avtalen av 22. august i år. Skal hjelpa koma frå vest, så må det skje gjennom inngangane til Østersjøen, eller rundt Nordkap —eller over den skandinaviske halvaya. I så fall kan den europeiske stormaktskrigen vera på veg mot dei små fredsoasen i Norden.



Sist lørdag presenterte vi (på side 25) den første artikkelen i en serie som vår sentrale krigshistorieekspert, professor Magne Skodvin, skriver. Hans emne er «Norge og stormaktene julen 1939». I de dager var det hektisk aktivitet med krigsråd på begge fronter: Fremstøt mot Norden? Aftenposten har utfordret historikeren til journalistisk behandling av stoffet, og serien fortsetter til og med nyttårsdagen.



Finland holder fronten mot kjempen Sovjet. Desemberbilde

Winston Churchill, aktivisten

Den tyske marineinteresse for Norden og for norske mål har nå fått Hitler sjølv i ryggen. På den andre siden av frontane har marineminister Winston Churchill lenge gjort seg til talmann for energiske tiltak langs norskekysten, eventuelt også på norsk sjøterritorium. Hans mål er å bremsa eller stoppa malmtaket fra Sverige til Tyskland, mellom anna over Narvik. Han har lite til overs for norsk nøytralitetspolitikk på dette punktet. Nordmennene, seier Churchill, verner om den svenska malm som Tyskland sender tilbake i form av torpedoar mot norske skip.

Men i regjeringsa, dvs. mellom dei ti menn som for tida er britisk War Cabinet, arbeider Churchill i motbakke. Etter sine år i ørkenen kom han inn der ved krigsutbrotet den 3. september, mellom anna som eit symbol for politisk borgfred og tverrpolitisk nasjonal kraftak. Hans sjøstrategiske aktivisme og uortodokse innfall skaper ofte meir uro enn entusiasme i kabinettet. Dei forsiktige generalar, München-mennene som trudde på «peace in our time», ser stundom på han som den britiske regjerings enfant terrible. Sjølv kjenner han seg vel stundom som ein tiger innesperra mellom komitear.

Tre spørsmål

Er svenskmalmens livsviktig for tysk krigføring? Har Tyskland planar mot

Østersjøen; i så fall, trudde han, ville både norske og svenske interesser tala for å nærmra seg til Storbritannia. Kanskje kunne «skandinavene» til og med gli inn i ein vestallianse?

Tanken er stillferdig lagt på is, og Churchill slår seg til ro med å gå inn for operasjoner ved norskekysten. Han møter sterkt motbør, men med vanleg sans for global strategi har han straks sett at Finlandskrigen endrar alle gamle vurderingar. Den


dagen krisesituasjonen enda med overfall, den 30. november, kom han så langt at kabinettet bad den militære sjefsnemnda analysere dei militære spørsmål som vil meldes seg dersom det blir tale om å stoppa malmtrafikken over Narvik, anten ved å senda skip inn på norsk sjøterritorium eller ved å leggja miner langs norskekysten. Dette har nemndt nå arbeidd med nesten dagleg. Sikre kjelder resymerer resultatet slik:



5. oktober 1939 gikk Sovjet-Unionen hardt ut mot Finland, blant annet med krav om Det karelske nes for å øke Leningrads sikkerhet. Bildet over er fra 16. oktober. Da kom Finlands hovedforhandler J. K. Paasikivi hjem fra Moskva. Finland kunne ikke akseptere kravene, og 30. november gikk Sovjet-Unionen til offensiv mot Finland.

(Foto: NTB)

Goliat



le (Svenskt Bildreportage) fra Det kareliske nes.

Ein flåtestyrke i Vestfjorden ville vera effektiv. Men den måtte vera førebudd på samanstøyt med norske krigsskip og eventuelt tyske. Med andre ord, ein destroy erfotilie (som Churchill tenkte på) er ikkje nok, det måtte i tilfelle sendast kryssarar.

Eit minefelt ville vera mest effektivt ved Stad. Det kunne tvinga skipsfarten ut i havet, og dermed var det lettare å unngå strid med norske krigsskip.

Men begge disse framgangsmåtane er klare nøutralitetskrenkingar, og kan berre forsvarast dersom Tyskland har gjort liknande ting først.

Sjefsnemnda tvilar dessutan sterkt på om slike drastiske tiltak verkeleg er bryet verd. Dette er så vurdert i departementet for økonomisk krigføring. Dei same gode kjelder opplyser at resultatet var nokså negativt: dersom eksporten over Nar-

providing a balance to her own advantage. Sweden, therefore, and to a very similar extent Norway are in the unenviable position of fearing both Russian and German encroachment. Up to the present His Majesty's Government's commitments to the Scandinavian countries have been limited to a confidential assurance that they will consider an attack on Norway as tantamount to an attack on the United Kingdom. It is, therefore, possible that Norway and possibly Sweden may be forced to the reluctant conclusion that their only means of escaping from Russian domination is to look to Germany for protection.

Norden: Sovjet-frykt?

Faksimile over et utdrag av rapport fra den britiske militære sjefsnevnd 20. desember 1939. Man mener det er ting som tyder på at Sverige antar at Sovjet-unionens virkelige mål ligger vest for Finlands vestgrense, og i virkeligheten er Nord-Sverige med sin overdådige rikdom på jern, og Narvik. Dessuten er Sverige klar over at Tyskland neppe vil sitte stille og se russerne tilegne seg de skandinaviske ressursene uten å fremstaffe en motvekt til sin egen fordel. Derfor er Sverige, og i meget lignende grad Norge, i den ikke misunnelsesverdige stilling at de frykter både russisk og tysk inntrengning. Inntil nå har den britiske regjerings engasjement overfor de skandinaviske land vært begrenset til en fortrolig forsikring om at den vil betrakte et angrep på Norge som ensbetydende med et angrep på Storbritannia. Det er derfor mulig at Norge, og muligens Sverige, kan bli tvang til den motvillige konklusjon at deres eneste utvei til å unngå russisk overvelde, er å se hen til Tyskland for beskyttelse.

vik kunne stoppast i fire månader — dvs. til Østersjøen er isfri og Luleå kan overta — så vil det nok skape store vanskar for tysk krigsøkonomi, men kan knapt bli avgjerrande. Denne vurderinga har sjefsnemnda knesett, og konkluderer: dei strategiske ulemper ved ein slik aksjon er så store at dei berre kan akseptera dersom det er sikkert at resultatet vil vera avgjerrande. Det er ein diplomatisk måte å svara nei på. Så langt sjefsnemnda.

Men denne indre britiske motsetninga rører ved større og vanskelegare spørsmål: siktar Sovjet vidare mot vest, til dømes inn på nord-norsk område? Og vil Tyskland i så fall på ein eller annan måte sikra sine eigne interesser på nordkalotten? Om dette er det visstnok delte meningar mellom dei vestallierte, og dermed kan den britiske diskusjon gå over til en fransk-britisk, der Churchills aktivisme kan få fransk støtte.